Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster

Emne: Lyngsing og mosing

Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av:

Gard: Vitteberg Sörsida Myklebust

(adresse):

G.nr. 18 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): bonde

SVAR

1. Lyng er ikkje årstödt for, typisk naudfor, samla berre i vårknipe og sjeldan no (Sist 1946 og siste krigen. Eit turkeår kr 1900 slo vi fleire lass forebarlyng utover hausten. Det skulle vere fullt so godt som halme, sa folk (N. Huns 73 år)

2-3 Om hausten reiv eller skar ein med sigd (ljå?) forebarlyng, barlyng (bärlyng i Gloppa) og la i store dungar i fure skogen Heggheim, so han skulle halde seg grön og mjuk under snöen til våren. Det vart brukt for n. Elles skar vi mjuk forebarlyng og hakka i lag med halm om våren, so snart snöen gjekk av. Det heitte å gå i lyngen, all. skjere lyngje, hente lyngje, rive 1877 verste våret i manns minne. Her kunne ein frå åsen sjå Ytstunkarane (Myklebust) drive på Vorfalsvierne å skjere lyng

2215

under snøven. Og ned i skogane, nedste Jølster, Moskogen og Viskedalen (Holsa) var det eit ørje arbeid om hausten med lyngen. „Eg kom i Viskedalen ein sundag i nov. So kom kona inn so skremd: „Eg trur det kjeme snø!" (på lyngen). Men då tok drengen til å bere på, ynskje til Gud at det berre måtte snøe og dunge ned, so dei eingong vart ferdige med denne lyngen." (Anders Åsen 80 år).
4. Det var no helst kvinnfolkearbeid. „Vi skar kvart år lyng hos grannane på Lyngstad og Grepstad og bar heim i sekker. Gav kreaturra med same, elles vart han brun. - Ikkje serleg godt for. Kyrafor, ungfana helst. På Førde drog dei fram til Veitebergⁱ 1/2 mil etter barlyng (svartlyng)
B. Lyng som beite.
1. Vi let sauene ut på snøfennene før, og ete lyng på rantane. Blåberlyng var svært godt beite, serleg i blømingstida, for kyrne. Når berre lyngen kom til, greidde kyrne seg i marka. Mange slåttebeiger var gjerne helst lyng. Tolde lite turking, for blada ville falle av.

2215
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

B II Mosing

1. Å gå i moseskogen var er å rive mose til sorpe å bere heim i sekker ell. köyre og ha til breidls i stölsfjös ell. gardsfjös og heime. Dette mellom vinnene (jonsoktid) Mykje slutt med det, då fjösa er so innreidde, sementera, at ein før gjödselen vekk etter kvart.

2. Sanka mose helst i vårs Knipa. Men skjeremose (björnamosen) var rekna for bra ~~mose~~ fôr til hestane med litt mjöl på. Vi har brukt skjeremose som nödfor med og utan mjöl, men kreatura tok han best med mjöl.

Anders Veiberg: Bör fortel: „Hestane fekk mykje skjeremose innpå Form. Eg skulle inn og hente ei mess der. „Du må ikkje ta messa för ho får fylle seg," sa kona og for bort i mosetuvene og gav messa. „Dette er ikkje hjelpi," meinte eg. „Jaa, det er glupt fôr," sa ho. – Då skulle da vel visst på messa og öi, tenkte eg."

5. Det heiter å rive mose, men til skjeremosen bruka ein vel ljå og når det var snö sigd

2215
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nils Hûsetuft, Holsa, meiner at dei brûka mangslag mose til krötera, ogso til folk.

Som han sanka ifjor stabbeblom (einstapen) til breide ûnder saûene, serleg når dei har vorka dei og skal klyppe. Dei har stabbeblom liggjande nok fyri åraû. Han fortel at dei tok oppi skredene om vinteren og reiv blomme, då blad og röter, og klöypte og gav krötera både det og logen. Um sûmaren henta dei blomen i ei ûrd like opp med stölen.

Presten Astrup, 60 åra, kom til Gyngen prestegard, og der var fôrlaûst om våren. Korleis skulle dei greide seg. „Gjev meg ein spade," sa hûsholdurska, so skulle ho skaffe kreatûra mat." og for bûrti tûvene og skar av både dei og mosen til fôr.

2215

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING